Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8

Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Seljord

Emne: Beit og brom

Bygdelag: Hauglim

Oppskr. av: Olav Bakken

Gard: Bakken

(adresse): Flatdal

G.nr. 114 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR.

## Beit og brom.

1. Vert nytta og har vore nytta i langsamelege tider her i grendi.
Me kallar det ris. rising, å risa.
Det er bjørkekvister og -toppar ein nyttar.

2. Avgar'e å risa. „Eg dreiv med rising".
Ein brukar anten å køyra på jønnskodd slede, eller draga på kjåkkje (dragslede) – ein smekkrar og lettgjord slede. Men bera ris i bende og trug er no mest vanleg. Den form for ris-sanking har eg nytta personleg so mang ein vår.

3. Rising er vanleg på skaren og i flekkesnøen. I seine vårar har eg risa langt uti juni. Ja Gisle Sælid (1757-1835) risa ein St. Hans afton, seier segni. Han hadde nære drukna i Sælidbekken med risbyrdi på ryggen.

Fyrr var det nok nytta store beitebjørker som dei køyrde til tuns, og risa heimleg med lauvhakkje (lauvkniv)

4. Lauvkniv eller sigd – fleire typer.



916

5. Det er både småkrøtur og kyr som likar riset. Dei fær det som ettermat (einaste) – eit lite fang kvar.

6. „Føret" vert lagra i løda – det er alltid ramsamt nok på den tid.

Beit av bar og ris litt grovhøgge som svigar og toppar, vart lagd i haug på tunet og nytta som geitemat. Stornauti var sjelda ute på beitegnag om vinteren.

7. Ukjent.

Eit hjelpefôr som ikkje er akta på er „tvitoring". O: at hestegjødsel var mykje nytta som hjelpefôr. (Skogsskrap)
Gjødsli måtte ikkje vera brunni (gjerre) men turka og lett. Dei toko å laga „tøyse" av gjødsel og agner eller småsple, og koka dette til ei sørpe. Litt lettemjøl strøydde dei på – og det var fôr som var likande. Når kyrne vart vande med slikt, vart dei som ører, Ja dei tok dette dravet fyre høy-lissell.
Ågot Haugan f. 1871 hadde stulla på Kåresand på Møstrandi, der gav dei kyrne rein hestegjødsel – ei skuffe kvar – og det var vørú som gekk, let ho.
I husmannsplassane lånde dei hestegjødsel til fôr, og betala med nautegjødsel.
Eg har kjent folk som har drive med denne tvitoringi. Dei ville påstå at kyrne heldt seg so godt i hold, etc....

916
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING